



Kinn kommune

Vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune

1. Formål og innhald

Skulefritidsordninga er heimla i opplæringslova § 13-7:

«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4.årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.»

Nasjonale rammeplan for SFO er gjeldande frå hausten 2021.

Den enkelte SFO skal utarbeide ein årsplan som er i tråd med verksemda sine vedtekter. Den skal ivareta barna sitt behov for tilsyn, omsorg, tryggleik, trivsel, tilhørighet og anerkjening. SFO skal hjelpe barna å utvikle toleranse og omsorg for andre,

2. Eigartilhøve

Kinn kommune eig og driv skulefritidsordninga på dei kommunale grunnskulane.

3. Styring og leiing

Rektor ved den enkelte skule har det overordna administrative og faglege ansvaret for SFO. Rektor fastset organisering og bemanning i tråd med gjeldane vedtekter.

Samarbeidsutvalet (SU), foreldrearbeidsutvalet (FAU) og skulemiljøutvalet skal også ta i vare SFO sine interesser.

Dei tilsette i SFO skal reknast som blant «andre tilsette» når det skal veljast representant til SU. Administrativ leiar for SFO har møte- og talerett i SU i saker som gjeld SFO.

4. Opptak, opptaksmynde og opptakskriterier

Hovudopptaket skjer om våren, og gjeld frå skulestart i august. Barn kan takast opp i SFO gjennom heile året, og plassen gjeld for resten av skuleåret.

Det er felles søknadsfrist for alle SFO i kommunen.

Rektor ved kvar skule har ansvar for opptak til SFO.

Alle som søker får tilbod om plass. Tilbodet om SFO gjeld alle barn på 1.- 4.trinn. For barn med særskilde behov gjeld tilbodet barn på 1. - 7.trinn.

5. Endringar og oppseiing

Plassen er bindande for kvart halvår. Plassen for 2. halvår kan seiast opp innan 15.november. Det kan søkast om unntak frå desse reglane.

Manglande betaling for 2 månader fører til oppseiing av plassen. Dette vil bli varsla skriftleg. Krav på uteståande vert kravd inn.

6. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset årleg satsane for foreldrebetaling for SFO.

Foreldrebetaling skal dekke kostandar til løn, materiell, mat og ulike aktivitetar.

Barn med særskilde behov på 5. - 7. trinn har lovfesta rett til gratis opphald i SFO.

Husstandar med låg inntekt kan søke om redusert foreldrebetaling. Gjeldande reglar er å finne på Kinn kommune si heimeside.

7. Opningstider og plasstilbod

SFO føl skuleruta. Dagleg opningstid er innafor eit tidsrom frå kl.06.45 til kl. 16.30. Opningstida er tilpassa lokale tilhøve i kommunen og varierer etter behov. Det er kommunedirektøren som fastset opningstidene.

Det er ved særleg høve muleg å kjøpe einskilddagar i SFO ved alle skulane. Søskenmoderasjon gjeld ikkje ved kjøp av einskilddagar og det er ikkje høve å kjøpe faste dagar.

Gjeldande plasstilbod er å finne på Kinn kommune si heimeside.

8. Ferietilbod

Kinn kommune har eit behovsprøvd samordna ferietilbod i haust- og vinterferier, to veker etter skuleslutt om sommaren og to veker før skulestart i august. Det må vere 12 påmelde for at tilbodet skal iverksettast.

Det samordna feiretilbodet er lagt til ein av barneskulane i Florø, og til ein av barneskulane i Måløy.

9. Bemanning

SFO skal ha ei bemanning som er tilstrekkeleg til at tenesta kan drivast på forsvarleg vis, minimum ein vaksen pr. 15 barn.

Dersom det er mange barn med særskilde behov, kan det vere trong for å styrke bemanninga / eller ha særskild kompetanse i personalgruppa.

Administrativ leiar av SFO skal ha pedagogisk kompetanse eller anna relevant utdanning. Det skal vere eit årsverk sett av til leiing i skular med meir enn 60 barn i SFO.

Personalet i SFO er underlagt forvaltningslova sine reglar om teieplikt; §§ 13-13f. Ved tilsetting må det leggest fram politiattest jf. Opplæringslova § 10-9.

10. Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal ute og inne må vere eigna aldersgruppa og aktivitetane i SFO. Det skal vere i samsvar med Opplæringslova § 9a som omhandlar elevane sitt skulemiljø, og Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

11. Skyss

Elevar i SFO har ordinært ikkje rett til skuleskyss. Opplæringslova § 7-3. gjev unntak for elevar med funksjonshemming, eller som har mellombels sjukdom eller skade. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO.

12. Klage

Enkeltvedtak gjort på bakgrunn av desse vedtektene kan klagast etter reglane for forvaltningslova. Rektor på den enkelte skule er klageinstans for vedtak gjort etter desse vedtektene.